

Protokoll frå årsmøte i Spelemannslaget De frilynde i øvingslokalet på Hebekk skole onsdag den 19. januar 2005 kl. 20.00.

Formannen opna møtet ..

Sak 1: Innkalling og sakliste blei godkjent og møtet sett.

Sak 2: Jo Ragnar Finserås blei valt til møteleiar og Nils Seland blei valt til referent.

Sak 3: Årsmelding. Formannen las opp årsmeldinga.
Årsmeldinga blei godkjent.

Sak 4: Rekneskap. Kasseraren leverte ut kopi og gjekk gjennom postane.
Samla beholdning pr. 31/12-2004 er kr 16 224,44.
Speleinntekter i meldingsåret har vore kr. 26 900,-
Rekneskapen godkjent.

Sak: 5: Praksis for kontingentbetaling.
I dag betaler kasseraren kontingent til Lfs samla for dei som møter jamt på øving gjennom heile året. Det blir ikkje rekna eigen kontingent til laget.
Vedtak: Laget går frå 2005 over til Lfs sitt standardopplegg med direkte innkreving av kontingent frå kvart enkelt medlem.

Sak 6: Valg
Styreleiar: Jo Ragnar Finserås. (gjenvalg)
Styremedlem og kasserar: Oskar Fevåg (gjenvalg for 2 år)
Styremedlem og sekretær: Nils Seland (ikkje på valg)

Revisor: Helge Slyngstad (gjenvalg)

Festkomité: Blir valt etter behov.

Noteutvalg: Nils Seland, Magnar Graav og Jo Ragnar Finserås (gjenvalg)

Valgnemnd: Leif Holst (formann), John Nordum og Magnar Graav.

Ski den 21. januar 2005

Nils Seland
referent

Etter at det formelle årsmøtet var avslutta, blei desse sakene drøfta:

- Landsfestivalen på Harpefoss 2005. Ca 40 sengeplassar er reservert på hotell/hytte på Gålå. Påmelding til styreleiaren snarast, og seinast innan 1. mars.
- Øvingsstad. I 2004 har ein hatt ei prøveordning med øving kvar 2. gong i Drøbak og på Ski. Ordninga held fram.
- Me tek kontakt med Springar´n med tanke på å drøfta tettare samarbeid.
- Ambisjonar for 2005
Egil har tidlegare vore inne på at me burde starta arbeidet med å spela inn slåttar med tanke på ei ny plate. Dette fekk støtte frå fleire på møtet.